



FAGFORBUNDET
Indre Hardanger

ÅRSMØTE 2024

FAGFORBUNDET
INDRE HARDANGER AVD. 141

Protokoll



SAKLISTE:

1. Opning ved leiar Margreta Kvåle. Godkjenning av innkalling og sakliste. Helsing frå fylkesleiar i Fagforbundet Vestland, Ørjan Myrmel.

Vedtak: Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjend.

2. Konstituering. Val av møteleiar, møteskrivar, protokollunderskrivarar og teljekorps. Godkjenning av møtereglement (forretningsorden).

Vedtak: Bjarte A. Eriksen vart samrøystes vald som møteleiar. Terje Kollbotn vart samrøystes vald som møteskrivar.

Heidi K. Miljeteig og Margit A. Jordal vart samrøystes valde som protokollunderskrivarar.

Lillian Måge, Heinz Hansen og Heidi K. Miljeteig vart samrøystes valde til teljekorps.

Styret sitt framlegg til møtereglement vart samrøystes vedtatt.

3. Godkjenning av årsmelding 2023 frå styret.
4. Godkjenning av rekneskap 2023.
5. Innkomne forslag.
6. Handlingsplan 2024.
7. Budsjett 2024.
8. Val



FORRETNINGSORDEN

1. Ingen får ordet til samme sak mer enn to ganger. Førstegangsinlegg er på 3 minutter, andre gangs innlegg er på 2 minutter. Med godkjenning av de stemmeberettigede, kan møteleder ytterligere redusere taletiden
2. Taler skal tale fra dertil bestemt plass
3. Forslag som ikke har forbindelse med sakene på dagsorden kan ikke tas opp.
4. Det er anledning til å be om replikk. Replikk benyttes kun til å oppklare eller korrigere misforståelser vedrørende siste debattinnlegg.
5. Alle forslag skal leveres skriftlig til møteleder.
6. Votering i saker foretas ved synliggjøring av stemmebrikke. Skriftlig avstemning foretas dersom en forlanger det. Ved personvalg benyttes skriftlig avstemning kun dersom det er flere kandidater.
7. Når valghandlingen pågår, lukkes dørene og ingen får forlate møtet
8. Når delegatene forlater møtesalen under forhandlingene skal nummerskilt leveres til dirigentbordet.
9. Møtet kan oppnevne redaksjonskomité dersom det blir behov under møtets gang



SAK 3 STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2023.

1. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE 30. MARS 2023.

Den 30. mars 2023 hadde Fagforbundet Ullensvang/Eidfjord (avd. 141) og Fagforbundet Odda (avd. 184) ekstraordinært årsmøte på Sentralbadet Litteraturhus i Odda. Her vart det endeleg vedtatt å slå saman dei to avdelingane under namnet Fagforbundet Indre Hardanger (avd. 141). Det vart vedtatt ein felles handlingsplan og budsjett for 2023 og vald eit styre og andre tillitsverv i den nye fagforeininga. Den underteikna årsmøteprotokollen frå dette møtet ligg vedlagt.

2. MEDLEMSUTVIKLING.

Pr. 31.12 2023 hadde avdelinga 1437 medlemar, her av 527 pensjonistar og uføre i kommunane Ullensvang og Eidfjord. Avdelinga har fått 92 nye medlemar i årsmøteperioden, mens målsettinga var 110. I perioden har vi mista 63 medlemar ved død og utmelding. Avdelinga har medlemar i KS-området (kommunane Ullensvang og Eidfjord) og Vestland fylkeskommune, SPEKTER (Odda Sjukehus) og VIRKE (Kraftmuseet og Hardanger Folkemuseum). I løpet av 2022 og 2023 er det blitt 19 40-årsjubilarantar og 49 25-årsjubilarantar. Styret har starta arbeidet med å førebu ein jubilentfest våren 2024.



3. Disse vart valde til ulike tillitsverv på årsmøtet 30. mars:

Leiar: Margreta Kvåle (1 år)

Nestleiar: Bjarte Andre Eriksen (2 år)

Økonomiansvarleg: Turid Meland Lutro (1 år)

Sekretær: Terje Kollbotn (1 år)

Opplæringsansvarleg: Siv Merethe Digrebrekke (2 år)

Styremedlem / Fane 2: Grete Hamre Kråkevik (2 år)

Styremedlem / vara Fane 2: Anne-Kari Rasmussen (1 år)

Styremedlem/ansvar likestilling og integrering: Dijana M. Saga (1 år)

Styremedlem Spekter (Odda Sjukehus): Andreas Jacobsen (2 år)

Varamedlem til styret:

1. Ellen Fjæra (1 år)
2. Einar Opedal (1 år)
3. Heinz Hansen (1 år)

Seksjonsleiarane, leiarane i pensjonist- og uføreutvalet og ungdomsutvalet har tilt rådt styret med nestleiarane som personlege vararepresentantar. I tillegg har HTV i Ullensvang Ranveig Mannsåker og HVO Ullensvang Marit Gravdal Andersson tilt rådt styret i denne perioden, etter ordninga i Fagforbundet Odda tidlegare.



Seksjon SKKO:

Leiar: Bjarte Andre Eriksen (1 år)

Nestleiar Bodil Skjerven (2 år)

Seksjon SHS:

Leiar Annette Horne (2 år)

Nestleiar Jannike Iversen (1 år)

Seksjon SST:

Leiar: Janne Rønning (2 år)

Nestleiar Robin F. Molven (1 år)

Seksjon SKA:

Leiar: Bjørg Skogasel (1 år)

Nestleiar Ranveig Mannsåker (2 år)

Pensjonist- og uføreutval:

Leiar: Dagfrid Nilsen (2 år)

Nestleiar Kjellaug Kvandal Ystanes (2 år)

Medlemar: Berit Stegane (1 år),

Helga Øvsthus (1 år) og Elsa Garatun (1 år).

Ungdomsutval:

Leiar: Arnt-Joakim Midtbø (2 år)

Nestleiar: Filmon Nasir Said (1 år)



Styret for Ferieheimen Kjellesvik:

Leiar: Margit Aga Jordal (1 år)

Medlemar: Ranveig Mannsåker (2 år),

Kjetil Vatnedal (1 år),

Annette Horne (2 år),

Einar Opedal (1 år)

Stein Egil Legård (2 år).

Revisorar:

Leiar: Olaug Prestegård Opedal (2 år),

Liss Pernille Fjæra (1 år)

Vararevisor May Britt Varberg (1 år).

På årsmøtet vart det ikkje vald ny valnemnd og utsendingar til Fagforbundet Vestland. Dette vart delegert til styret.

I perioden har Janne Rønning trukke seg som seksjonsleiar i SST på grunn av vidareutdanning, og nestleiar Robin F. Molven rykka tidleg i perioden opp som leiar i SST og dermed fast styremedlem.

Styremedlem og likestillings- og inkluderings ansvarleg Dijana Milicevic Saga flytta til Stavanger i september 2023.

Styret har i årsmøteperioden hatt 7 styremøter og eit styreseminar i april (som m.a. utvikla felles køyrereglar og eit årshjul for styret. Styret har handsama 55 saker, her under førebuing av årsmøtet 2024.

Styret har hatt eit Arbeidsutval (AU) av leiar, nestleiar, sekretær og økonomiansvarleg som har førebudd styremøtene og hatt ansvar for oppfylging av sakene saman med seksjonsleiarar og resten av styret.



4. STYRESAKER.

Dei viktigaste sakene for styret har vore organisasjonsarbeid (inkludert økonomi), arbeidsplassbesøk, verving og kurs, samt aktivitetar i form av valkamp, medlemstur til Gol, fire komle middagar og jolatrefest. I første del av perioden var det ei utfordring at medlemsregisteret (Fane 2) for dei to tidlegare avdelingane ikkje fungerte saman. Dette vart først etter fleire purringar løyst i haust.

Styret har etterlyst sterkare nynorsk-andel både frå Fagforbundet Vestland og frå sentralt hald og eigen profil for Fagforbundet Indre Hardanger frå Fagforbundet sentralt.

5. REPRESENTASJON

Desse har deltatt på representantskapsmøte / tariffkonferanse i Fagforbundet Vestland: Leiar Margreta Kvåle, nestleiar Bjarte Eriksen og hovudverneombod (HVO) Ranveig Mannsåker og Anne-Kari Rasmussen.

Leiar Margretha Kvåle har vore Fagforbundet Indre Hardanger sin representant i styret i LO i Indre Hardanger. Også Tommy Tverdal, Terje Kollbotn, Dijana Milicevic Saga og Andreas Jacobsen har vore med i styret i LO i Indre Hardanger.

Leiar har elles deltatt møter i Fagforbundet sitt koordineringsledd i Helse Fonna, leiarsamlingar i Bergen og Granvin og seksjonsleiarsamling i Bergen.

Leiar deltok og på landsmøte i seksjonen SKKO i Oslo.

Leiar og seksjonsleiar SST Robin F. Molven deltok på Arbeidsmiljøkonferansen i Bergen.

Leiar deltok og på fagleg-politisk konferanse på Voss.



6. KURS.

7 medlemmar deltok på Fase 1- kurs hausten 2023 arrangert av Fagforbundet Indre Hardanger.

Leiar og økonomiansvarleg var på kasserarkurs i regi av AOF (Arbeidarens Opplysningsforbund) i Bergen hausten 2023.

Leiar deltok på Fane 2-kurs.

Terje Kollbotn har deltatt på to digitale kurs etter kommunevalet i regi av Fagforbundet sentralt som tillitsvald i Fagforbundet og folkevald i Ullensvang kommunestyre.

7. FAGLEG-POLITISK AKTIVITET.

Under kommunevalkampen i Ullensvang og Eidfjord hausten 2023 inviterte Fagforbundet Indre Hardanger ordførarkandidatane frå alle parti til å signere eit Ordførarløfte for dei neste fire åra. Alle førstekandidatane i Eidfjord og alle førstekandidatane bortsett frå Høgre og FrP i Ullensvang signerte dette dokumentet, som blir viktig i vidare fagleg – politisk samarbeid i Administrasjonsutvala og med partia. Sjå neste side for Ordførarløftet.

Under konstitueringa av det nye kommunestyret i Ullensvang vedtok fleirtalet (AP, H, INP, SV og KrF) å auke talet på politikarar i Administrasjonsutvalet frå 5 til 9 og redusere talet på tillitsvalde frå 5 til 4. Dette vakte sterke reaksjonar frå dei tillitsvalde i alle fagforeiningane og styret i Fagforbundet Indre Hardanger og LO i Indre Hardanger. På det siste kommunestyremøtet i Ullensvang før jul vart dette heldigvis endra til 7 politikarar og 5 tillitsvalde.

Styret har i januar 2024 sendt ein uttale om KS sitt debatthefte om tariffoppgjeret 2024 til formannskapa og kommunestyra i Ullensvang og Eidfjord. I denne uttale ber styret politikarane om å leggje stor vekt på å styrke kjøpekrafta, spesielt for alle lågtlønna, prioritering av tillegg i sentrale forhandlingar og godt lokalt partsamarbeid om i forhandlingar om arbeidstidsordningar.



Ordførarløfte

Dersom eg, _____ blir ordfører i Ullensvang kommune lovar eg å:

- 1. Etablere ein heiltidskultur i kommunen. Unntaksvis, og kun etter avtale med tillitsvalde, skal deltidsstillingar kunne lysast ut.**
- 2. Arbeida for at kommunen har nok tilsette til å forebyggje og få ned sjukefråvær i risikoutsette yrkesgrupper.**
- 3. Arbeida for at trepartssamarbeid og medverknad etter lov og avtaleverk fungerer fullt ut på alle nivå i kommunen.**
- 4. Nyttja kommunen si innkjøpsmakt for å forebyggje og forhindre arbeidslivskriminalitet.**
- 5. Arbeida for at kommunen har minst 30 eigne lærlingplassar kvart år i neste kommunestyreperiode.**
- 6. Arbeida for at kravet om fagarbeidar og lærlingar blir fulgt opp i kommunen sine kontraktar om kjøp av tenester.**
- 7. Arbeida mot at kommunale tenester blir privatisert.**

Stad og dato: _____ Signatur: _____



8. ØKONOMI

Økonomi har vore fast punkt på alle styremøte. Økonomiarbeidet har vore krevjande og tatt svært mykje tid etter samanslåinga, ikkje minst for økonomiansvarleg og rekneskapsfører Jakob Bleie. Det gjeld både flytting og samanslåing av kontoar frå to bankar og få nye kontoar på plass i Sparebanken Vest, ny registrering i Brønnøysundregisteret, få alle fakturaer på rett plass og reforhandle avtalar om mobilabonnement osv.

Fagforbundet Indre Hardanger vart og svindla for kr. 100.000 i mars 2023, samt fleire forsøk på svindel med forfalte rekningar med store beløp. Desse svindelforsøka vart stoppa og etter iherdig innsats vart kr.100 000 tilbakebetalt med renter i oktober 2023.

9. LØYVINGAR FRÅ STYRET I 2023.

3/1 Radio Folgefonn Kr 1500

15/2 Radio Folgefonn Kr 375

25/5 Radio Folgefonn Kr 600

17/7 SOS Barnebyar Kr 5000

24/10 TV Aksjon Kr 2880

4/12 Frelsesarmeen Kr 3000

7/2 Kjellesvik Kr 20 000

20/2 Kjellesvik Kr 60 000

6/3 Kjellesvik Kr 50 000

18/12 Kjellesvik Kr 80 000.



10. SLUTTORD FRÅ STYRET

Denne årsmøteperioden har vore mykje prega av gjennomføring av samanslåinga av to sjølvstendige avdelingar til ei. Vi hadde kvar vår bank, ulike kulturar og rutinar, ein del startvanskar og trengte tid for å bli betre kjende. Vi fekk god hjelp av Fagforbundet Vestland, som deltok på styreseminar i april, der vi vart gjort kjende med gode arbeidsmetodar framover. Det har vore ein krevjande, men lærerik periode.

Vi har knyta nye venskapsband med tillitsvalde og medlemar gjennom arbeidsplassbesøk og andre møter og aktivitetar. Vi har betra våre rutinar og arbeidsmetodar og lært oss å samarbeide betre.

Vi takkar for oss og vonar at vi er på rett veg og har lagt eit godt grunnlag for ein ny periode og eit nytt styre i Fagforbundet Indre Hardanger.



VEDLEGG:

1. Årsmelding frå seksjonsleiar SKKO

Leder: Bjarte Andre Eriksen

Vara: Bodil Skjerven

Det er jobbet opp en oversikt over alle barnehager og skuler i vårt område med plasstillitsvalgte. Vi har startet opp med å få en oversikt over alle arbeidsplasser også i andre yrkesområder.

Ellers er det videre sendt ut info om digitale seminarer og kurs til medlemmer i seksjonen.

2. Årsmelding frå seksjonsleiar SST

Robin Fauskanger Molven overtok frå Janne Rønning i starten av 2023 som blir yrkesseksjonsleiar for samferdsel og teknisk. Gjennom året har eg vidareformidla relevant informasjon og kurs for sektoren til plasstillitsvalde i dei ulike avdelingane.

Eg må leggja til at dette ikkje har vore lett, då relevant informasjon frå fylket og sentralt ikkje har komme til meg, sjølv om eg har fleire gonger sendt e-post om at det er eg som skal ha informasjonen, og ikkje Janne Rønning. Men det har løyst seg ved at eg aktivt sjølv har leita etter informasjon, og dessutan eg har fått vidaresendt ein del frå HTV, leiar i Fagforbundet og frå Janne Rønning. Så eg håpar at etter valet i 2024 blir dette ei betre ordning på.

Vidare så har me fått sendt dei tilsette i byggdrift på Byggdrifter konferanse på Gardermoen, der arbeidsgivar dekte alt. Dette har eg berre fått positive tilbakemeldingar på frå dei som reiste.

I Fagforbundsveka 2023 reiste eg rundt på arbeidsplassar og snakka med dei tilsette, avdelingsleiarar og verksemdsleiarar. Hadde med meg ein del brosjyre materiell og Fagforbunds karamellar. Her skulle eg og vore rundt på skulebesøk, men grunna sjukdom og andre uventa ting skjedde ikkje dette.

Planane for 2024 om eg blir vald vidare er å danna eit styre i seksjonen min, har ikkje heilt komme i mål endå med dette. Og eg håpar å styrkja meg sjølv som leiar for seksjonen ved å delta på relevante kurs og samlingar.



3. Årsmelding frå HTV (hovudtillitsvalde).

I løpet av året har vi vært representert og jobba med ulike saker som:

- Godkjenninger av grunnturnus og årsturnus fleire stader. Fleire turnuser med lang og døgnvakter som må godkjennes av fagforbundet sentralt.
- Sendt krav på etterbetalinger for medlemmer som ikkje har fått rett lønn av ulike årsaker. Endra stillingskoder og generelt fulgt opp alt vi fanger opp som er feil i forbindelse med kontrakter, lønn osv.
- Arbeidsplassbesøk i alle sektorar. Møter med tillitsvalde, medlemmer, ansatte, brukarar og leiarar.
- Delteke i Administrasjonsutvalet, Arbeidsmiljøutvalet og Omstillingsutvalget.
- Deltatt på Htv Opplæring i Bergen og digitalt, regionmøte fagforbundet Vestland, Yrkes og utdanningsmessa.
- Bistått plass tillitsvalde i ulike spørsmål på medlemsmøter og personalmøter. Valg av nye plasstillitsvalgte nokre stader. Dessverre fortsatt ein utfordring å få på plasstillitsvalgte alle plasser.
- Møter med plasstillitsvalgte
- Faste møtearenaer med Rådmann og leiarar i Ullensvang kommune for å ivareta dei ansatte i ulike spørsmål.
- Lønnsforhandlinger Kap 3 og 5
- Tatt opp ulike særavtaler / lokale forhandlingar på avtaler, rutinar, planar og div drøftingar. Eks. ny for brannbefal, ekstra betaling for helgejobbing, stipend til utdanningar.
- Medlemmar har fått auka stilling etter innsendte krav.
- Krevd lønnsauke for medlemmer etter lønnspolitisk plan.
- Tatt initiativ til prosjekt Heltid i reinhold
- Mange intervju og tilsetjingar. Alt frå lærlingar til kommunalsjefar.
- Medlemsstøtte i møter som feks omplassering, oppsigelse, varslar.
- Sendt fleire saker til Kompetansesenteret og fått støtte til dialog med kommunen fra rådgivere og advokat.
- Opprettet kontordag i Kinsarvik.
- Rekrutteringsutfordringer, feks bidratt til ideen om ung i jobb på Oppvekst sektoren sommeren 2023.
- Faste møter med kommunalsjefer månedlig.
- Arbeid med revidert lønnspolitisk plan pågår, arbeid med klesreglement .
- Vi bruker fortsatt en del av tida vår på å etterspørre fremgang i saker.

Og meir stort å smått for våre flotte medlemmer.



Robin Fauskanger Molven blei valt til Htv i 50 % frikjøp tidlig vår 2023 og har valgt å trå ut av vervet sitt 31.12.23 til pga anna jobb tilbud. Vi takker han for samarbeid og ønsker lykke til videre.

Det har vært et spennende og utfordrende år med mange og ulike arbeidsoppgåver. No går vi inn i et nytt arbeidsår og er klare for å brette opp armene for medlemmene og de tillitsvalgte.

Takk for samarbeid og tillit i året som er gått.

Med helsing

Robin Fauskanger Molven Ranveig Mannsåker og Anne-Kari Rasmussen

4. Årsmelding frå HVO (hovudverneombod) i Ullensvang

Som årene før har det vært mye møtevirksomhet.

Eg har gjennomført 2 samlinger med verneombudene. Ellers har eg vært på:

- møter med ansatte/ledere
- Personalmøter
- Samarbeidsmøter kommunalsjefer
- Samarbeidsmøter rådmann
- AMU møter
- Møter angående arbeidsklær/sko avtale
- Compiloooplæring
- Faste teammøter med hovedvernombud fra andre kommuner
- Styremøter i fagforbundet
- Årsmøte fagforbundet
- Delplan helse
- Arbeidsplassbesøk

Vil med dette takke for meg som hovedverneombud etter femten og et halvt år. Det har vært noen kjekke, spennende og lærerike år. Nå gir eg stafettpinnen videre til Suzana Heizler som ble valgt på verneombud samlingen i desember. Ho begynner i vervet 1. februar. Det blir en overlapp i løpet av januar.

Marit Gravdal Andersson



5. Årsmelding frå Pensjonist- og uføreutvalet

Utvalget har bestått av Berit Stegane, Kjellaug K. Ystanes, Elsa Garatun, Helga Øvsthus, Dagfrid Nilsen

-Utvalget har hatt 2 møter, 1 i Odda og 1 i Kinsarvik

-Kjellaug og Dagfrid har vært representert på konferanse for pensjonister og lederkonferanse. Vi har 2 representanter men det har ikke passet for de andre. Kjellaug har møtt som representant for fylkesstyret.

-Dagfrid har tiltrådt i hovedstyret som leder i utvalget.

Vi har hatt et medlemsmøte med tema Fremtidsfullmakt, men det er veldig få som møter.

Det er kommet innspill om at det er ønske om en pensjonistforening i Eidfjord. Vi har invitert Pensjonistforbundet i Hordaland. Leder Vigdis Ravnøy kommer 29. februar til Eidfjord. Vi vil prøve og få til et samarbeid med dem siden det er alltid bra oppmøte på pensjonist møtene, men ikke Fagforbundet sine møter.

Vi bevilget kr.5000 til den lokale Frelsesarmeen for og støtte de til innkjøp av mat til personer i Ullensvang kommune som har dårlig råd.

For utvalget

Dagfrid Nilsen

Leder



6. Årsmelding frå styret i Ferieheimen Kjellesvik

Årsmelding 2023 Ferieheimen Kjellesvik

Styret for Ferieheimen Kjellesvik:

Leder Margit Aga Jordal, sekretær Ranveig Mannsåker. styremedlemmer Anette Horne. Einar Opedal, Stein Egil Legård. Kjetil Vatnedal

Styret har hatt 8 styremøter dette året. Saker vi har hatt oppe er å booke hytter elektronisk, vatnet og rutinar for vedlikehald og tilsyn av hyttene. Utleiga går no ved bruk av eit booking system som ikkje alltid fungerer som ønska, men det vil etter kvart gå seg til. Er det problem har vi telefon og kan hjelpe til. I fjor vinter var ikkje alle dei nyaste hyttene leigd ut dette på grunn av straum leige og usikre straumprisar. Hytte straum får ikkje støtte og utleige prisane har vore like dei siste åra. Denne vinteren er alle dei nyaste hyttene leigd ut til påske. Det er viktig for oss at det skal være rimeleg å leige hytter for medlemene våre. Utleiga av hyttene i sommar var som vanleg og vi prøver å fordela tilsynet av hyttene mellom styret om sommaren.

I vår hadde vi dugnad som vanleg. På dugnaden vart gjerde mot naboeigedommen sett i stand og kloakk røyret i sjøen sett nye lodd på. I tillegg til vanleg ettersyn med rydding og vasking.

Vatnet til hyttene er teke prøvar av og nye prøvar vert teke no i januar. Det er bakterie fritt men inneheld litt for mykje salt, noko som kan rettast med eit filter som vi håpar å få på plass til våren. Vi har av den grunn tilrådd at leigetakar tek med drikke vatn.

Vi har og hatt problem med å ha oversikt over økonomien til Kjellesvik. Styret har ikkje lenger tilgang til kontoen til hyttene slik at vi ser kva som går inn og ut. Etter samanslåinga av fagforeiningane er kontoar avslutta og nye er oppretta, dette gjeld og lånet til Kjellesvik. Dette må ordnast opp i slik at styret til ei kvar tid kan få sjå rekningane som går ut eller hytteleigene som kjem inn. Skal styret fungere så er det eit minste krav. Skal vi følgje eit budsjett må vi og ha innsyn i økonomien til ei kvar tid. Skal styret ha ansvar for drift av eigedommen så er det umogeleg utan økonomisk oversikt. Styret bør og være representert i hovudstyret på styremøta.

Ferieheimen Kjellesvik

Margit Aga Jordal



7. Årsmelding frå styret i Kontor og administrasjon

Årsmelding for Kontor og administrasjon 2023

Det har vært et år med mange gode tilbud vedrørende kurs

Både digitalt og fysisk.

Styremøter i fagforbundet

Konferanser

Kurs

Styremøter

Arbeidsbesøk har det vært lite av for min del da jeg har vært langtidssykemeldt.

Var på fylkeskonferansen i Bergen 25-26.4.23

Dette var utrolig lærerikt.

Ellers så har det vært en god del kurs høsten 2023.

Gratis kurs i forvaltningsloven.

Nov.2023.

“Risiko og digital sikkerhet”

Teammøte i desember

Praktisk arbeid i Yrkes seksjon august

E-læringskurs i forvaltningsloven nov.

Med vennlig hilsen

Bjørg Skogasel

8. Årsmelding frå styret i SHS

I 2023 har jeg videreformidlet all informasjon fra Yrkesseksjonsleder Vestland til alle plasstillitsvalgte i vår sektor. Det har vært informasjon om kurs og utdanning innenfor vår seksjon. Vi prøvde å få videreutdanning her i Odda gjennom AOF men det var ikke nok søkere til at dette kunne gjennomføres i vår kommune.

Det har i høst vært mindre informasjon fra fylke og derfor mindre å videresende.

I april så deltok jeg på Fylkeskonferansen. Har vært på arbeidsplass besøk i kommunen, i Odda og hos noen i Kinsarvik. Har vært med på arbeidsplass der det har vært valg av ny plasstillitsvalgte. Jeg har deltatt på seksjonsledersamling på Voss og vært med på Arbeidslivskonferansen i Bergen.

Vi avsluttet året med å arrangere juletreffest for de ansatte med familier.

I 2024 ønsker jeg ett bredere samarbeid med de andre Yrkesseksjons lederne i Ullensvang kommune. Ønsker også mer kurs og utdanninger som er tilrettelagt for våre ansatte.

Med vennlig hilsen

Annette Horne

Vedtak: Årsmeldinga for 2023 frå styret vart samrøystes godkjend.

Dei øvrige årsmeldingane vart tatt til vitande (til orientering).



Sak 4: Godkjenning av rekneskap 2023

Sjå eget vedlegg

Vedtak: Rekneskapen for 2023 vart samrøystes godkjend.

SAK 5 ÅRSMØTEFORSLAG

FORSLAG 5.1 – KURSHONORAR PÅ FRIDAGAR.

Tillitsvalgte som må på kurs eller andre møter for å få økt kompetanse eller pålagte møter på fridager bør få et honorar på kr.1000 pr.dag, hvis de ikke får igjen fridagen av arbeidsgiver.

Forslagstillar: Dagfrid Nilsen

Innstilling frå styret: Årsmøtet støttar forslaget.

Vedtak: Vart samrøystes vedtatt.



FORSLAG 5.2 – SØKNAD FRÅ ULLENSVANG DEMENSFORENING

SØKNAD OM DRIFTSMIDLER

Ullensvang demensforening er ein frivillig organisasjon som arbeider for at alle med demensdiagnose skal ha best mogeleg levevilkår. Kvalitet i kvardagen skal vera så god som råd, anten ein bur heime, i bufellesskap eller i institusjon. Det er svært ofte oppslag i media om kritikkverdige forhold i demensomsorga rundt om i landet.

Vi har for få omsorgsplasser, og vi har for få fagutdanna til å yta kvalifisert omsorg. Trong for omsorg/hjelp både til den sjuke, og til dei pårørande er skrikande. Ofte skjønar ein ikkje alvorret, før ein er der og treng omsorga sjøl, eller er nær pårørande.

Ullensvang demensforening har tett samarbeid med demenskoordinator i kommunen. Vi har arrangert pårørandeskular, hatt temakafear med ulike aktuelle tema og vi jobbar med å påvirke kommunen i aktuelle saker. Akkurat no jobbar vi med å få på plass eit nytt tilbod innan aktivitetar for demente og sjukeheimsbebuarar.

Aktivitetstilbodet som er i kommunen i dag er svært dårleg, og det er skadeleg og passifiserande for dei som er sjuke.

Alt arbeidet vårt vert gjennomført med frivillig innsats, men vi treng økonomiske midlar til diverse utstyr, annonsering, enkle serveringar på arrangement, honorar/reiseutgifter til foredragshaldarar, reiseutgifter til møter i det store distriktet i kommunen.

Vi reiser og på regionsmøter for å få inspirasjon og idear til tiltak vi kan få i gang for å betra situasjonen.

Vi tek oss derfor den friheit, og søker Fagforbundet Indre Hardanger avd 141 om tilskot. Vi søker ikkje om ein konkret sum, men treng sårt driftsmidlar. Vi set pris på alle bidrag.

Med vennlig helsing

Ullensvang demensforening

Liv With

skrivar

tlf. 95246071

Innstilling frå styret: Årsmøtet støttar søknaden med kr. 7000.

Vedtak: Vart samrøystes vedtatt.



FORSLAG 5.3 – LØYVING TIL FAGFORBUNDET OG NORSK FOLKEHJELP SIN INNSAMLINGSSAKSJON TIL GAZA I PALESTINA.

Innstilling frå styret: Fagforbundet Indre Hardanger støttar Fagforbundet i Norge og Norsk Folkehjelp sin innsamlingsaksjon for Gaza . Årsmøtet løyver kr. 7000 til aksjonen.

Forslag 5.4 – NY FAGFORENINGSFANE.

FORSLAG FRÅ FANEKOMITEEN I FAGFORBUNDET OG STYRET:

- 1.Årsmøtet i Fagforbundet Indre Hardanger går inn for at det blir laga ei ny foreningsfane med nytt foreningsnamn, avdelingsnummer og stiftingsdato 30.03 2023.
2. Den gamle fana til Fagforbundet Odda blir oppbevart på Tekstilindustrimuseet via Kraftmuseet saman med andre eldre fagforeningsfaner frå Indre Hardanger.
3. Alt tilleggsutstyr til den gamle fana blir gjenbrukt.
4. Årsmøtet løyver inntil kr. 70.000 til produksjon av ny fane og gir Fanekomiteen i oppgåve å få denne produsert etter tilbod frå Oslo Flaggfabrikk og Vilde Takla.

Tilbud på Fane fra Oslo Flaggfabrikk

Fane	kr. 38000,00
Råstang	kr. 2500,00
Styresnor	kr. 3423,00 (usikker om vi må ha den)
Bardunsnor	kr. 3423,00
Skisse fra Vilde Takla	<u>kr. 13000,00</u>
	kr.60346,00
25 % moms	<u>kr.15086,50</u>
Total	kr. 74432,5

Vedtak: Vart samrøystes vedtatt.



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

FORSLAG 5.5 – STØTTE TIL FERIEHEIMEN I KJELLESVIK

Forslag frå styret for Ferieheimen Kjellesvik:

Forslag 1: Det årlege tilskotet frå Fagforbundet Indre Hardanger til Ferieheimen Kjellesvik på 80 000 skal vidareførast.

Forslag 2: Styret for Ferieheimen skal ha full oversikt over inntekter og utgifter gjennom tilgang til bankkontoen som er knytt til Ferieheimen Kjellesvik. Viser til årsmelding.

Vedtak: Vart samrøystes vedtatt med fylgjande tilleggsforslag frå styret til punkt 1: «... når lånet på Ferieheimen Kjellesvik er nedbetalt.»



<https://kjellesvikhytter.no/>





SAK 6 FORSLAG HANDLINGSPLAN 2024

1. FIH (Fagforbundet Indre Hardanger) skal i 2024 prioritere rekruttering, skoloring og aktivisere tillitsvalde på alle plan heile året og gjennomføre ei vervekampanje i samband med Fagforbundsveka i juni og november/desember 2024.
2. FIH skal styrke kontakten med tillitsvalde og medlemar i vårt organisasjonsområde.
3. FIH har som mål i perioden å etablere styrer i alle seksjonane (minimum 3) og eit eige ungdomsutval.
4. FIH sitt styre skal ha minst 6 styremøter, herav 3 styremøter utanfor Odda fram til neste årsmøte i januar 2025.
5. FIH skal arrangere 4 komlemiddagar for alle medlemar hausten 2024 i Odda, Kinsarvik, Jondal og Røldal.
6. FIH skal arrangere tradisjonell jolatrefest i Odda
7. FIH skal gjennomføre ein jubilentfest årleg, første gong våren 2024.
8. FIH skal mobilisere til 1.mai 2024 og stille med minst 2 representantar i 1.mai-komiteen.
9. FIH skal representere LO med 1 styremedlem og 1 varamedlem i styret for Kraftmuseet i Tyssedal.
10. FIH skal fortsatt aktivisere seg i fagleg-politisk aktivitet og påverknad og samarbeide med parti som deler vårt grunnsyn om faglege og sosiale rettar.
11. Medlemstur i 2024
12. Det skal arrangerast minst to medlemsmøter i 2024

Vedtak: Styret sitt forslag i 10 punkt vart samrøystes vedtatt.

Dei to tilleggssforslaga punkt 11 og 12 vart samrøystes vedtatt.



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

SAK 7 BUDSJETT 2024

Sjå eget vedlegg

Vedtak: Styret sitt budsjettframlegg for 2023 vart samrøystes vedtatt.



SAK 8 VAL

Valnemda har vore:

Terje Kollbotn (leiar)

Grete Hamre Kråkevik (nestleiar)

Siv Merethe Digrebrekke

Kjellaug Kvandal Ystanes

Anita Nestås Ovrud

Andreas Jakobsen.

Innstilling frå valnemda:

STYRET:

Leiar: Bjarte Andre Eriksen (SKKO) – 2 år

Nestleiar: Grete Hamre Kråkevik (SHS) – 1 år

Økonomiansvarleg: Turid Meland Lutro (SHS) – 2 år

Sekretær:

Opplæringsansvarleg: Siv Merethe Digrebrekke (SHS) – ikkje på val

Styremedlem: Anne-Kari Rasmussen (SHS) – 2 år

Styremedlem: Suzana Heisler 2 år Etter forslag

Styremedlem: Margreta Kvale – 1 år Etter forslag

Varastyremedlemar:

1. Marit Gravdal Andersson (SKKO – 1 år

2. Ellen Fjæra (SHS) – 1 år

3. Einar Opedal (SST) – 1 år

Fane 2-ansvarleg: Grete Hamre Kråkevik (SHS) – 1 år

Vara Fane 2- ansvarleg: Anne-Kari Rasmussen (SHS)



YREKSSEKSJONANE OG UTVAL (leiarane er medlem av styret med nestleiarar som personlege vararepresentantar).

SHS (Seksjon Helse og Sosial):

Leiar: Annette Horne – ikkje på val.

Nestleiar: Gry Lundal – 2 år

SST (Seksjon Samferdsel og Teknisk):

Leiar: Robin Fauskanger Molven – 1 år

1. **nestleiar:** Magnus Innvær (2 år)

2. **nestleiar:** Espen Forsmo (1 år)

SKA (Seksjon Kontor og Administrasjon):

Leiar: Bjørg Skogasel – 1 år

Nestleiar: Ranveig Mannsåker – ikkje på val

SKKO (Seksjon Kirke, Kultur og Oppvekst):

Leiar: Bjarte Andre Eriksen – 2 år

Nestleiar: Bodil Skjerven – ikkje på val



UNGDOMSUTVAL

Leiar: Arnt Joacim Midtbø – ikkje på val

Nestleiar: Stine Reime – 2 år

PENSJONIST- OG UFØREUTVAL

Leiar: Dagfrid Nilsen – ikkje på val

Nestleiar: Kjellaug Kvandal Ystanes – ikkje på val

Medlemar:

Elsa Garatun – 2 år

Helga Øvsthus – 2 år

Margreta Kvale – 1 år Etter forslag

SPECTER (Odda Sjukehus):

Representant: Andreas Jacobsen – Ikkje på val

Vararepresentant:

KJELLESVIK/FERIEHEIMEN

Leiar: Ranveig Mannsåker – 2 år

Annette Horne – ikkje på val

Stein Egil Legård – ikkje på val

Kjetil Vatnedal – 2 år

Einar Opedal – 1 år

Håvard Haugen – 2 år



REVISORAR

Leiar: Olaug Prestegård Opedal – ikkje på val

Liss Pernille Fjæra – 2 år

Vararevisor: May Britt Varberg – 2 år

REPRESENTANTAR TIL FAGFORBUNDET VESTLAND:

1. Leiar
2. Nestleiar
3. HTV Ranveig Mansåker
4. Ungdomstillitsvald

Vararepresentantar:

Seksjonsleiarane SST, SHS, HTV og vara ungdomstillitsvald.

STYRET FOR KRAFTMUSET

Styremedlem frå LO/Fagforbundet:

Varastyremedlem frå LO/Fagforbundet.

1.MAIKOMITEEN I LO I INDRE HARDANGER

- 1.
- 2.

NY VALNEMD

- | | | |
|------------------------------|--------------------|---------------|
| 1.Grete Hamre Kråkevik | SHS | |
| 2. Kjellaug Kvandal Ystanes | Pensjonist & Uføre | |
| 3. Liss Bodil Olsen | | Etter forslag |
| 4. Robin Molven | SST | Etter forslag |
| 5. Stine Reime | Ungdom | Etter forslag |
| 6. Representant frå Eidfjord | | Etter forslag |



Vedtak: Valnemda si innstilling vart samrøyses vedtatt med fylgjande endringar / tillegg:

Nytt styremedlem: Margreta Kvåle.

Nytt styremedlem: Suzana B. Heisler

Nytt medlem i Pensjonist- og uføreutvalet: Margreta Kvåle

Representantar til Fagforbundet Vestland:

Bjarte A. Eriksen (leiar)

Grete Hamre Kråkevik (nestleiar)

Ranveig Mannsåker (HTV)

Arnt-Joakim Midtbø (ungdomstillitsvald)

Vararepresentantar:

Robin F. Molven (seksjonsleiar SST)

Annette Horne (seksjonsleiar SHS)

Anne-Kari Rasmussen (HTV)

Stine Reime (varaungdomstillitsvald)

Valnemd:

Grete Hamre Kråkevik

Kjellaug Kvandal Ystanes

Liss Bodil Olsen

Robin F. Molven

Stine Reime

Desse vart samrøystes valde.

Styret får i fullmakt til å oppnemne ein representant til valnemda frå Eidfjord.

Styret får i fullmakt til å oppnemne folk i verv som ikkje vart valde på årsmøtet, inkludert sekretær, styremedlem og varamedlem til Kraftmuseet og representantar til 1. mai-komiteen i LO i Indre Hardanger.

Me kan bekrefte at protokoll er ført med vedtak som ble gjort på årsmøte:

Odda _____ / _____ - 2024

Margit A. Jordal

Heidi K. Miljeteig